

Gå på



MORD

i India BLA OVER TIL s. 6



Tom side

Jens Bjørneboe

OM REVOLUSJONEN

„DET ER IKKE SPØRSMÅL OM VI LIKER DEM
ELLER ØNSKER DEM. DET ER OVERHODET IKKE
SPØRSMÅL OM HVA VI MENER OM REVOLUSJONEN.
DE VIL IKKE SPØRRE OSS OM HVA VI SYNES
OM DEM, FØR DE KOMMER.
DE VIL IKKE BRY SEG OM ALMINDELIG
HØFLIGHET, MEN BARE KOMME, DEN ENE
REVOLUSJON EFTER DEN ANNEN, DE SOM TIL
SAMMEN VIL UTGJØRE Revolusjonen, DEN
STORE FLODBØLGEN SOM VIL REISE SEG OG
VELTE INNOVER OSS, EN BØLGE AV HAT OG
ILD OG BLOD. DET ENESTE VI KUNNE HA GJORT
VAR Å GJØRE REVOLUSJONENS ARBEIDE FRIVILLIG,
GJØRE DET SELV.
BØLGEN VILLE HA BLITT MINDRE BLODIG DA.
MEN VI ØRKET IKKE Å GJØRE REVOLUSJONENS
ARBEIDE FRIVILLIG, SÅ DEN VIL KOMME
PÅ SIN EGEN MÅTE.”

Tom side

LEIAR

AFGHANISTANINNSAMLINGA ER DEN VIKTIGASTE EKS-TERNE OPPGÅVA TIL RAUD UNGDOM DENNE VINTEREN. AKSJONEN HAR EI TODELT OPPGÅVE. EIN DEL ER Å SAMLE INN PENGAR TIL MASSOUD I PANSJIR. DER SKAL DEI BLI GJORT OM TIL KULER OG KRUT MOT SOVJET IMPERIALISMEN.



Den andre delen består i at vi på denne måten markerer kva vi meiner er rett fredsarbeid.

Det er imperialismen som er årsak til all krig. For å kjempe for fred i verda må ein kvitte seg med imperialismen. Det gjer ein best ved å støtte alle land sin kamp for nasjonalt sjølvstende.

I Afghanistan gjer ein det best ved å gje geriljan våpen slik at dei kan klare å kaste Sovjet ut og bli herrar i eige hus.

Innsamlingsaksjonen vår har gjort Raud Ungdom kjent blant folk. Det er viktig å utnytte dette til å spre mest mulig informasjon om grunnen til at vi driv denne kontroversielle innsamlinga.

Etter at det vart utplassering av nye atomvåpen i Europa så har fredsrørsla kome på defansiven og vinden har snudd litt til vår fordel.

Dette må vi utnytte ved å drive aktivt innsamlingsarbeid. Dør til dør-aksjon der vi samlar inna pengar og deler ut løpisar er ein fin måte å nå ut til folk med politikken vår.

27. desember er det 5 år sidan Sovjet invaderte Afghanistan. Det må bli ei viktig oppgåve for Raud Ungdom å markere denne dagen. Arbeidet med å planlegge opplegget for dagen bør starte så snart som råd, slik at markeringa kan bli best mogeleg.

Kampanja kan med fordel organiserast som "tre i ett kampanje".

Raud Ungdom bør bruke slike kampanjer i framtida, for å markere vår form for fredsarbeid. Innsamlinga må då gå til eit land som ligg under for USA-imperialismen t.d. Guatemala eller Fillipinane.

DEBAT DEBAT DEBAT DEBAT DEBAT DEBAT DEBAT DEBAT DEBAT DEBAT

OM "GÅ PÅ"

EG VIL AT VI SKAL DISKUTERE "GÅ PÅ": DERSOM DET I DET HEILE SKAL HA NOKE FØRE SEG Å LAGE BLADET, MÅ VI VITE KVA VI VIL MED DET: NO KJEM EG MED MI MEINING, SÅ FÅR ANDRE KOMME MED SI.

Bladet må brukast til å knyte laga i fylket nærare saman. Det beste hadde vore om "Gå på" kunne verke som eit debattorgan. Då måtte det komme ut ofte, gjerne ein gong pr. mnd. Har vi kapasitet til det? Det avheng mykje av kor skrive/debattekte folk er, og av kva kvalitet vi ynsker på bladet.

Laga må i alle høve bruke "Gå på" aktivt og forteljeom kva som skjer på staden, kva som har komme fram i diskusjonar osv.

"Gå på" bør også vere eitkvart å studere på sengekanten. Altså innehalde aktuelt politisk stoff i samband med diskusjonar i organisasjonen.

Kva med å utnytte det i samband med fylkeskonferansane? Ein kunne ha med stoff som kunne nyttast som grunnlag for studiar og diskusjonar. Det ville ikkje vere så vanskeleg å ordne det slik at bladet kom ut i god tid før konferansane. Det ville og vere fint med referat frå fylkeskonferansar, og sentrale arrangement, slik at dei som vart heime kunne lese om kva som gjekk føre seg.

Så vil eg sei litt om kven som skal lage bladet. Det skal jo gå på omgang mellom laga i år. Det skal komme minst 3 utgåver før sommaren. Det er fint at det skal gå på omgang, for då får alle prøve seg med bladarbeid og det kan vere ei grei erfaring å ha. MEN det må vere kun det redaksjonelle ansvaret som skal gå på omgang. Ikkje arbeidet med å skrive alt. Elles vil det etterkvart bli eit ork å halde "Gå på" i gang. Skal "Gå på" bli eit godt blad dvs. ei kjelde til inspirasjon, informasjon og diskusjon, må vi føle eit kollektivt ansvar for kvart enkelt nr. av bladet.

Ja, det er no mi meining.

„La hundre
blomstrar
blomstre."
SKRIV!



BOKANMELDING?

Kva er det som er så viktig med denne boka. Kva er det som får ein gjøk til å skrive tre artiklar, der boka blir analysert som om det skulle vere eit stort litterært verk.

Planleggingssjefen i OBOS skiljer seg frå si vellykka kone, sine vellykka barn og miljø. Flyttar til Romsås, ein rettidig fin drabantby, som han sjølv har vore med på å planleggje i sine unge dagar.

Sidan blir han kjent med eit ungt ektepar som bur rett over gangen. Ein undertrykt ekspeditør og ei undertrykt kvinne. Hovedinteressa til ekspeditøren på fritida er videofilmar som gjer han meir eller mindre hjernedød.

For å gjere ei kort historie endå kortare, så drep ekspiditøren kona si, då ho vil skilje seg.

OBOSplanleggingssjefen gjer det irrasjonelle som å hjelpe ekspeditøren med å grave liket ned ute i snøen. Resten er ei grei skuring.

Dag Solstad har gjort eit forsøk på å beskrive det ugjennomtrengjelige. Han har skreve ei god og lettlest bok og grunnen til at Solstad syns at livet i ein drabantby er ugjennomtrengelig er vel fordi han ikkje bur i ein drabantby og ikkje tilhøyrer arbeiderklassen. Så enkelt er det.

DAG SOLSTAD'S "FORSØK PÅ Å BESKRIVE DET UGJENNOTRENGELIGE"



GÅ PÅ's korrespondent i New Dehli

MORD i INDIA

LIKE FØR MÅNADSSKIFTE OKT/NOV SKJEDDE DET EIT GRUFULLT MORD I NEW DEHLI. EIN UNG MEKANIKAR BLEI HOGD I HOVUDET MED ØKS OG SKOTEN MED KANON I BRYSTET. VERDIAR FOR OMLAG

4 NORSKE KRONER, OG TURBANEN BLEI SÅ FRÅSTOLE HAN. POLITIET I NEW DEHLI HAR FÅ SPOR Å GÅ ETTER, MEN DEI SATSAR NO MAKSIMALT PÅ Å FÅ EI OPPKLARING PÅ ROVMORDET, OPPLYSER VÅR KORRESPONDENT I NEW DEHLI.

RUSSISK PAPEGØYE

Ein Svenske som hadde arbeidd for den Svenske ambassaden i Moskvå, hadde fått tak i ei russisk papegøye. Papegøya snakka berre negativt om Sovjet.

Ein dag venta svensken besøk av ein russisk kollega. Han tykte de var flaut å ha papegøya framme då så han ville gøyme henne. Han fann ikkje nokon annan plass, så han sette henne i kjøleskåpet.

Når russaren var gått tok han henne ut att. Det første papegøya sa då var at Sovjet er eit jævla bra land. Svensken tykte dette var løye, og spurde kvifor ho brått hadde skifta meining.

"Jau", sa papegøya.

"Ein skiftar meining om så

mangt etter å ha vore i Sibir!"

-Har du hørt om han som vart skoten i ræva under hjorte-jakta?

-Nei, koffor det då?


-Han hadde gjort i bukse.

5 på bonn

1. DS i Førde
2. FIRDAPOSTEN
3. DAG SOLSTAD
4. VULGÆRPRESSA
5. Naustdal Spelemannslag

10 på Topp

1. KOLBJØRN TAKLO
2. SIV REFSNES
3. MR:HANDS
4. ØYSTEIN ROTH
5. DEI SYNGANDE HUSMØDRE FRÅ ANGEDALEN
6. MEG SJØL
7. KINE HELLEBUST
8. ÅGE ALEKSANDERSEN
9. GEORG MIKAEL
10. STEVIE WONDER



PRODUKTIVKREFTENE SPRENGJER SYSTEMET



PÅ NESTE
LAGSMØTE VERT
SAKA TEKEN
OPP....

Det står altså ei motseiing mellom bøsseane og dei nye myntane. Vi må finne hovudsida i motseiinga slik at vi kan rette inn kampen enten mot dei tjukke myntane, eller di trange sprekkene i bøsseane...

OG SOM
SAGT SÅ
GJORT

kva med å kreve femgjerne-
lappar med bilde av Pål Steigan?



Til Noregs Bank
Forslag til ein ny revolusjonær
seddel, spesielt berekna
på venstresidas inn-
samlingsarbeid etc. etc.
etc. etc.

Helsing
RV



25



TJUEFEM
KRONER

NOREGS BANK

25

AKP 1893873ML

25

Forts. neste nr.



INTERVJUV MED LEIAREN VÅR



neste side

Intervju med Oddgeir D:

1. Du er attvald som leiar i Sogn og Fj. RU.

Kva fekk deg til å ta attvald?

Eg har mine klåre idear om korleis RU skal utviklast, og ser lysare på å vere leiar i år enn tidlegare.

Samstundes ser eg at eg etterkvart kan byrje åstivne, få lite å tilføye. Ei rekke andre kan bli skikka som leiar for Sogn og Fj.RU med eit års erfaring til.

DS og AU ser ut til å fungere btre i år, og desse folka vil snart ha bygd opp den erfaring som trengs.

2. korleis er utsikta frå toppen?

Er det lett å halde kontakt med laga?

I år har det vorte lite reising. Det har nok hemma kontakten litt. Lite meldingar frå laga om problem dei måtte ha o.a. er og med på å svekke kontakten.

DS, som organ bør knyttast nærare til laga, og vere direktelinen til AU.

No er eg jo med i Førdelaget, og oppgåver der og min stilling som familiefar gjer og at eg får mindre tid til å vere "utadretta".

Folk må besøke meg når dei er i Førde,

stikk gjerne oppom!

3. No kjem "gå på" ut sjeldan og uregelmessig. Det gjer ho m.a. ueigna som debattorgan. Kva rolle har D:S tiltenkt "gå på", og kva vil dokke gjere med det?

Då vi er ein organisasjon med mange oppgåver, er det vanskelig å strekke til, og mykje vert aldri gjort. Difor må vi bygge ein sterk org. på fylkesbasis, som kan samordne og informere.

Men skal vi nå det målet må verving prioriterast.

AU har ikkje tiltenkt "gå på" nokon særleg rolle.

Vi har òkkje kapasitet til å drive med avisarbeid, då det ville gå ut over andre oppgåver.

Om laga auka farten på rotasjonen av redaksjonsjobben ville det i alle fall kome oftare ut.

Eg meiner dette bør diskuterast i "gå på".

4. Mange vil meine at org. vår her i fylket blir vel Førde-sentrert. Ditt syn på dette?

Organisasjonen er vel Førde-sentrert i den forstand at daglig leiding ligg her. Fordelen med det er at det går raskt å samle AU, men det er jo en ulempe at Førdelaget får bunde opp medlemmar. Det er ikkje noko prinsipp at DS skal ligge i Førde. At Førde har dei med sterkast org. erfaring kan jo skuldast ein ond sirkel, men og det at folk ofte reiser til Førde for å gå på skule eller få seg jobb. Same problem har vi på ladsbasis med Oslo.

5. Er hausten raud og framtida lys?

Trur ikkje framtida er lys på kort sikt, kanskje for oss eller for storparten av verdas folk. Om mange nok nyttar tida si på kjempe for ei betre framtid, vil det nytte. Om eg meinte sosialisme var umulig, ville eg ikkje nytte so mykje av tida mi på dette arbeidet.

Ein del folk tilknytta RU har vorte "profisjonelle" dessilusjons pessimistar". Greit nok å sitje på når vi seglar i medvind, men nå problema med å finne leia dukkar opp, hoppar ein del folk av. Då ser ein kva stoff dei er laga av.

I eit dikt av Mao heiter det: I denne verda er inkje noko umulig, om du berre har vilje til å reise deg.

EKSTERN AKTIVITET.

Vi kan i dag sjå ei skremmande utvikling i samfunnet når det gjelder kva ein skal tenkje og meine. I eit samfunn der aviser som Dagbladet og VG og eit stadig voksende antall vekeblad får drive sin fordummende journalistikk er det viktig å nå ut til folk med ein annan informasjon. VÅR INFORMASJON. Viktige saker som streiker og klassekamp kan ein kanskje lese om i borgerpressa, men kven si side står dei på? Det finst kun ei avis i Norge som kan gje oss og folk i norge, d.v.s. ARBEIDERKLASSEN i Norge, informasjon om forskjellige saker og tar stilling for arbeiderklassen og mot kapitalen. For alle i RU og AKP er dette noko vi veit så forbanna godt. Men kva gjere vi med det? Kvifor ligger S. og FJ. så langt nere i vervekampajene? Kvifor er salget av lørdags KK. så lavt? Skal ikkje prøve å svare då det lett kan bli oppfatta som at enkelte ikkje gjere nok. Vi i RU. må gjere salg av KK. som ein fast del av det eksterne arbeidet vårt, ved sida av Rute Åtti, veggaviser og liknande. På ein plass med 6-7 medlemmer er det ingen kunst å drive salg av KK. kvar lørdag f.eks. . Dette har ein enorm betydning, folk vil sjå at vi eksisterer, dei får avisa rett på gata, får diskutere med oss. Etter ei stund vil ein merke at dei som kjøper avisa blir fleire og kanskje nokre vil abonnere. FORSTÅR DU VIKTIGHETA AV DETTE. Gå ut i „the main street“ å selg KLASSEKAMEN din dagdriver.

VI KJENNER ALLE JENTER SOM BLIR SLÅTT
VI KJENNER ALLE JENTER SOM KJENNER SEG
SLÅTT, MEN AV KVA?
MI JENTE FOR EKSEMPEL
BUR I DET STØRSTE HUSET PÅ LANG LEI OG SYNS
KAPITALISMEN ER FOR JÆVLIG
MI JENTE SNAKKAR NESTEN BERRE OM MENN HØGT OPPE
I DET BRUTALE SYSTEMET, OG BLIR GANSKE ENGSTELEG
VED SYNET AV EI MJUK KVINNE
MI JENTE SYNS DET ER URETTFERDIG AT IKKJE HO
LIGG BETRE AN UNDER KAPITALISMEN
OG KREV MJUKARE MENN OG HARDARE KVINNER
MI JENTE FORTEL AT OGSÅ HO
BLIR SLÅTT OG KNULLA
KNULLA OG SLÅTT
NÅR EG SPØR KORLEIS DET KJENNEST
Å HA DET SLIK, BEGYNNER HO Å GRÅTE OG
SEIER AT HO FØLER SEG SOM EIN DRITT MEN AT
INGENTING NOK VIL FORANDRE SEG
FØR MENNENE SLUTTAR
Å VERE SLIKE HELSIKES KJØNNSFASCISTAR

ET UNDERTRYKT FOLK
ER OGSÅ DET ENE OG ENE MENNESKET
SOM TRENGER STYRKE FOR Å SLÅSS
-FOR Å FORANDRE SYSTEMET

— IVAR O —



Tom side